

Leigeavtale for rom på internatet ved Tveit Vidaregåande Skule

.....
(Elevens namn)

har den flytta inn på rom nr.....på internatet ved Tveit Vidaregåande Skule.
(dato)

1. Leigeforhold: Startar ved innflytting og varer til 21. juni 2018.

2. Pris:

kr 4.600,- pr. måned for dobbeltrom kr 5.500,- pr. måned for einerom

Omfattar hybel og alle måltid frå frukost på måndag til middag på fredag. Internatet er stengt i helger og feriar. Prisen kan verta endra med tre månaders varsel.

3. Betaling:

Fyrste betalingsfrist er 1. august, elles er fristen den 15. i kvar måned. Ved fyrste frist betaler du kr 6.600,- som inneberer kr 2.000,- i depositum og kr 4.600,- (for dobbeltrom) fyrste måned. Ved innflytting på enerom (kr 5.500,- pr. måned) vert beløpet på neste faktura korrigert.

Eleven er sjølv ansvarleg for at beløpet vert innbetalt til Tveit Vidaregåande Skule sin konto: 3353.07.06856 innan den fristen som er nemnt ovanfor. Det vert sende ut faktura med KID-nummer rundt den 1. i kvar måned. Ynskjer du å teikne autogiro-avtale med banken din, må du oppgje KID-nummeret som du finn på fyrste faktura. Faktura sendast på e-post. Oppgje e-post-adressa di til skulen.

Om du betaler seinare enn ein måned etter betalingsfristen, vert kravet sendt til inkasso og leigeforholdet kan seiast opp med ein månads varsel.

4. Tildeling av rom

Skulen tildeler rom, og prøver å oppfylla eleven sitt ynskje. Eleven kan ikkje bytta rom utan å avtala dette med husmor. Ein betaler for det rommet ein til ei kvar tid har. Om du ufrivillig hamnar på eit enkeltrom må du betala den aktuelle prisen for enkeltrom. Ved større arrangement i feriar kan skulen be eleven flytta ut av rommet i det aktuelle tidsrommet.

5. Oppseiing av leigeavtale:

Oppseiingstida er tre månadar. Ved oppseiing før 15. september er oppseiingstida ein måned. Eleven må betala ordinær leige i oppseiingstida og oppseiinga må skje skriftleg.

6. Depositum:

Saman med fyrste månadsleige skal det betalast eit depositum på kr 2.000,- (som inngår i giroen på kr 6.600,-). Dette må betalast før ein får utlevert nøkkel. Depositumet skal dekkja tap av nøklar (kr 1.000,-), øydeleggingar gjennom skuleåret og manglande utvask av rom ved utflytting. Ved utflytting før 15. september får ein berre refundert halve depositumet. Depositumet vert ståande så lenge ein er elev på Tveit. Kontoret må få opplyst kva kontonummer depositumet skal betalast tilbake til.

7. Erstatningsplikt:

Leigetakar må erstatta skader som ikkje skuldast normal slitasje. Leigetakaren er, saman med dei andre leigetakarne, ansvarleg for skade på fellesutstyr og i fellesrom. Skadar skal straks meldast til skulen.

8. Reglar for internat og fritid

Du pliktar som leigetakar å retta deg etter reglar for internat og fritid. Utvising frå internatet grunna kontraktsbrot, gjev ikkje rett til frådrag i leiga.

9. Kontraktsbrot:

Brot på leigekontrakten, og kontrakten for «reglar for internat og fritid» kan føra til at eleven må flytta ut av internatet utan fyrst ei oppseiing. Dette kan f.eks. gjelda manglande innbetaling for opphald (månadsleige, sjå punkt 3 i denne kontrakten), brot på forbodet mot alkohol/andre rusmiddel eller brot på andre ordensreglar som for eksempel hygiene, uakseptabel åtferd og liknande.

.....
underskrift leigetakar (elev)

.....
underskrift for skulen

.....
underskrift av foreldre/føresette om leigetakar er under 18 år

Tveit, april 2017

Leigeavtalen skal leverast ved skulestart